

ÅRSMØTE

I NORDMØRE SPELMANNSLAG, SØNDAG 18. MARS 2012, KL. 1630 PÅ HALSA SKULE.

Ved opninga var 13 til stades.

SAK 1 OPNING OG KONSTITUERING

Leiar Magnar Almberg opna møtet og ønskte alle vel møtt. Det kom ikkje fram innvendingar til innkalling eller sakliste, og møtet vart dermed sett og konstituert slik:

Møteleiar: Magnar Almberg
Sekretær: Arnstein Brevik
Til å skrive under møteboka:
 Solveig Sandvik og Peder Hønsvik

SAK 2 ÅRSMELDING FOR 2011

Magnar gjekk gjennom forslaget til årsmelding for 2011. Med nokre små korrigeringar (dato for cd-innspeilinga og konsert i Tingvoll kyrkje, 18.6.2011) vart årsmeldinga godkjent.

Årsmeldinga er vedlagt protokollen.

SAK 3 REKNESKAP FOR 2011

Kasserar Peder Hønsvik gjekk gjennom rekneskapen for 2011. Rekneskapen viser ein balanse pr. 31.12.2011 på kr. 16 949,07. Rekneskapen var revidert etter alle kunstens reglar, og revisorane rådde årsmøtet til å godkjenne det heile. Etter ein runde med spørsmål og kommentarar, vart rekneskapen samrøystes fastsett som framlagt.

SAK 4 INNKOMNE SAKER

Ingen saker var meldt inn.

SAK 5 ARBEIDSPROGRAM

Musikalsk leiar Helge Husby har utarbeidd eit forslag til aktivitetsplan fram til sommaren 2013. Det vart mykje snakk om mulege inntektsbringande arrangement. Mange gode idéar vart kasta fram, og dette er noko det nye styret må sjå nærare på i lag med musikalsk leiar. Årsmøtedato for 2013 vart sett til 24. mars.

Ein muleg tur til Shetland vart nok ein gong drøfta. Helge Husby, Daniel Dyrnes og Arnstein Brevik vart bedne om å arbeide vidare med denne saka.

Framlegget til arbeidsplan vart elles godkjent og er vedlagt protokollen.

SAK 6 KONTINGENT

Kontingentsatsane blir ikkje endra.

SAK 7 BUDSJETT

Kasserar Peder Hønsvik la fram eit utkast til budsjett for 2012. Det framlagte forslaget vart godkjent utan spørsmål og er vedlagt protokollen.

SAK 8 VAL

Helge Husby la fram valnemnda sitt framlegg. Årsmøtet slutta seg til framlegget samrøystes og utan endringar.

Dette gav følgjande resultat:

Leiar	Åsta Andreassen	
Nestleiar	Rolf Holte	
Styremedl.	Grethe Bjerkan	(Alle for 2 år)

(Peder Hønsvik og Arnstein Brevik var ikkje på val i år og sit eitt år til.)

Vara til styret:	Magnar Almberg	(For 2 år)
	Hilde Bergfald	(Har 1 år att)

Revisorar: Torstein Hamnes og Arve Heggdal (Begge for 2 år)

Utsending til årsmøtet i Møre og Romsdal Folkemusikklag: Vart ikkje valt.

Valnemnda hadde ikkje forslag til ny valnemnd, og møteleiaren var dermed snar til å forslå attval, noko årsmøtet slutta seg til.

Valnemnd: Helga Eikrem og Helge Husby

Møtet slutt kl. 1815

AB ref

Solveig Sandvik /s/

Peder Hønsvik /s/